

Kunstnarisk utsmykka mållagsstove

Fana er laga av Lars Osa i 1914.



*Biletvevteppa er laga av kunstnaren
Else Marie Jakobsen.*

*På teppet til venstre står det Norsk
Ordbog, og der er bilete av Ivar Aasen.*

*Teppet til høgre har bilete av Aasmund
Olavsson Vinje og påskrifta Dølen.*

Dagleg leiar, Oddmund Viken i salongen



Det er fleire keramikkarbeid av kunstnaren Grete Nash.



På kunstverket under har forfatteren Paal-Helge Haugen skrive dette:

Ord leitar seg fram over bordets blanke flate

pyntelege ord og vaktsame ord

hjelpelause ord

setningar som går seg vill

ei hemmeleg kviskring i øyra

språk utan vandelsattest

Stundom skuggen av ei uventa meining

eller eit ekko, røystene til forfedrar

formødrer som talar gjennom deg



Ord som har slått seg ned mellom gatene i kvadraturens kvite hus og murklossar

ord på reise borne hit frå munn til munn til munn

ord farga av røsslyng gjennompusta av salt vind

ord frå reinsdyrviddene eller fiskebåten

slitets ord og ei stille glede

som får ord til å lyse innanfrå

til sist eit hundre år gamalt kallesignal

knappt høyrbart, ei frosen sjel som ikkje vil gi opp

når Petronelle Torjusdatter ropar ut

det ho har i korga: mat i bytte for liv

Paal-Helge Haugen